



Olje- og energidepartementet postmottak@oed.dep.no

Deres ref.	Deres kontaktperson	Vår ref. 20200275	Vår kontaktperson Alv Ottar Folkestad	Dato 06.11.2020
------------	---------------------	----------------------	--	--------------------

«Havsul I AS – Oversendelse av klager på vedtak om utsettelse av frist for idriftsettelse for Havsul I vindkraftverk» - Merknader frå NOF til NVE sine vurderingar av klager og klagegrunnlag

Vi syner til brev datert 29.09 2020 frå NVE til OED. Med utgangspunkt i ei rekkje sitat frå oversendingsbrevet, finn NOF grunn til å stille ein del spørsmål og kome med ein del merknader til vurderingane. Desse er siterte med hermeteikn og kursivering:

NVE:

«Tillatelsen til utsatt tidspunkt for idriftsettelse frem til 31.12.2025 ble gitt med følgende vilkår;

Miljøovervåkingsprogrammet for sjøfugl og trekkende fugl

1. Konesjonær skal anvende radar til kartlegging av sesongtrekket av fugl før utarbeidelse av anleggs-, transport- og detaljplan (MTA). Hensikten er å få kunnskap om trekket langs denne delen av kysten (trekkintensitet, trekkhøyde, avstand fra kysten mm.). Ved oppstart av turbinmontasje skal radaren anvendes for å kartlegge sjøfuglenes arealbruk under utbygging og kartleggingen skal videreføres etter utbygging i minst 2 år. Rapporteringen av resultatene fra radarundersøkelsen av trekket langs kysten skal omfatte en kortfattet vurdering av hvordan sesongtrekk berører Haramsøy. Det skal etableres dialog med konesjonæren for Haram vindkraftverk for å avklare hvordan en slik vurdering kan gjennomføres på en rasjonell og hensiktsmessig måte. Dersom partene ikke blir enige om en løsning skal saken oversendes NVE til avgjørelse.

2. Konesjonær skal gjennomføre kartlegging av forekomsten av sjøfugl i plan- og kontrollområdet gjennom året ved hjelp av høyopløselige flybilder med automatiserte analyser av disse. Kunnskap fra denne kartleggingen skal benyttes ved utarbeidelsen av MTA.

3. Konesjonær skal merke utvalgte arter av sjøfugl på Runde med lyslogger for å vurdere om planområdet for Havsul I kan påvirke hekkebestander på Runde.

Overvåkingsprogrammet for marin fauna

4. Konesjonær skal gjennomføre en undersøkelse av hvordan støyvirkninger i anleggs- og driftsfasen påvirker vandrings- og gyteforholdene for viktige marine arter, herunder NGV-sild. Det skal kortfattet redegjøres for mulige virkninger av lavfrekvent lyd og infralyd.

Undersøkelsene som skal gjennomføres i pkt. 1-4 over skal igangsettes i god tid før utarbeidelse av MTA. Det forutsettes at resultatene av undersøkelsene benyttes i

detaljplanleggingen av vindkraftverket og ved implementering av avbøtende tiltak. Tiltakshaver skal innen oppstart av undersøkelsene oversende NVE en detaljert beskrivelse av hvordan hver av dem skal gjennomføres, herunder hvor radar skal plasseres i de ulike fasene (pkt.1), og hvor mange utvalgte fuglearter på Runde som planlegges merket (pkt.3). Det skal redegjøres for hvilken varighet hver av undersøkelser planlegges for og hvilke som skal videreføres i anleggsperioden og antall sesonger/år i driftsperioden. Kostnader knyttet til planlegging og gjennomføring av hver av undersøkelsene skal estimeres så nøyaktig som mulig. Konesjonær skal opplyses om hvilke fagmiljøer det skal samarbeides med ved planlegging av undersøkelsene og hvem som skal gjennomføre dem.

Konesjonær skal redegjøre for hvordan NVE mest hensiktsmessig kan bli orientert om resultatene fra de ulike undersøkelsene. Vi forutsetter at årlig status og resultat-rapportering blir oversendt innen 1.oktober inntil undersøkelsene er avsluttet.»

NOF merknad:

Ad pkt. 1: Dette er kunnskap som i utgangspunktet er heilt avgjerande for å kunne gje ei reell verdi- og konfliktvurdering for effekter på årstidstrekket av fugl som passerer gjennom området og som konsesjonsstyresmaktene etter sine retningslinjer skulle ha ansvar for var med som ein viktig del av konsekvensutgreiinga. Kunnskapsoppsummeringa i KU konkluderte med at det føregår eit massivt årstidstrekk av fugl gjennom planområdet. Konesjonen er såleis gitt på eit grunnlag der viktige delar av miljøkonsekvensane av utbygging ikkje er kvantifisert og dokumentert og derfor på avgjerande mangelfullt grunnlag. Radarovervaking gjennomført etter at konsesjon er gitt og utbygging godkjent, har ikkje lenger relevans for hovudproblemstillinga om kor vidt det er i samsvar med vedtekne miljøpolitiske målsetjingar å tillate vindkraftutbygging i dette området.

Ad pkt. 2: Definisjon av *planområdet* er kartfesta i konsesjonssøknad og seinare justert i samsvar med tilpassa planløsning, men definisjon og kartfesting av *kontrollområde* går ikkje fram av skildring eller kartfesting av tilgjengelege dokument. Kartfesting er avgjerande for vilkåret og for å kunne vurdere den marinøkologiske realverdien i høve til overordna krav som grunnlag for konsesjonsvedtak. Konsekvensutgreiing må gje kunnskapsgrunnlag som er tilstrekkeleg for ei reell dimensjonering og vekting av effekter av utbygging i høve til dei krav lovverket set for bl.a. vedtekne, miljøpolitiske målsetjingar.

Ad pkt 3: Det må stillast spørsmål om på kva måte og av kven dette er fagleg kvalitetskontrollert. Bruk av lysloggarar fordrar fangst av hekkefugl av aktuelle/valde artar, og dernest gjenfangst av fuglane for å kunne ta ut og analysere data. For lunde har dette vore gjort i Seapop-prosjektet på Runde sidan 2014. For krykkje tilsvarende for hovudkolonien i Ålesund by sidan 2015. Andre aktuelle artar i dagens bestandssituasjon på Runde er havsule, alke og lomvi. Det vil i praksis vere uråd å bruke lysloggarar på desse. Fangst og merking og etterfølgjande innsamling av loggarar er neppe råd, slett ikkje utan betydeleg risiko for feltmannskap i kombinasjon med betydeleg forstyrning av hekkande fugl. Lysloggarar har ikkje naudsynt presisjon for det vilkåret NVE har sett, med ein feilmargin på +/- 180 km for registrert posisjon. For årstidsvandringar er metoden banebrytande og har gitt viktig informasjon, men for næringsvandring av hekkefugl i reirtida innan dei avstandar det her er tale om, kan ikkje metoden nyttast.

Alternativet er GPS-loggarar, som i Seapop-prosjektet vart brukt for lunde og toppskarv i 2020, men då i beskjedne mengder. Teknisk og elektronisk utstyr og metodikk er viktig for dokumentert og etterprøvbar kunnskap, men når tilgjengeleg metodikk neppe er mogleg i

praktisk bruk, er ikkje problema med å dokumentere næringsvandring større enn å overvake og eventuelt fotodokumentere sjøfuglaktivitet i det aktuelle området gjennom hekkesesongen. Fuglefjellet på Runde er einaste hekkelokalitet for havsule, alke, lomvi og lunde innan rekkevidde for dagleg næringsøk i planområdet i hekketida, slik det er for dei krykkjekoloniane som framleis finst på Mørekyten. Næraste koloniar av alkefugl er 340 km mot nordaust, for havsule betydeleg lenger unna. Førekost av desse artane vil derfor dokumentere at planområdet med tilgrensande sjøområde er næringsøksområde for desse artane. I Møre og Romsdal er i perioden 1956-2020 ringmerkt meir enn 80.000 sjø- og kystfuglartar, hovudtyngda på Runde. Analyse av ringmerkingsfunn av aktuelle artar vil kunne setje vandringar og næringsøk inn i eit langt meir representativt bilde i høve til fuglefjellet enn det ein korttids studie på 2 + 2 + 4 år knytt til ei eventuell utbygging av vindkraftverk til kunne bidra med. Og som for pkt. 1 og 2 gjeld at kunnskapen skulle vere ein del av føresetnadene for å kunne vurdere og vekte verdiar og effekter i høve til vedtekne, miljøpolitiske målsetjingar *før* vedtak.

Ad pkt. 4: Punktet har ein beskjeden plass og lite presiserte former og krav i høve til det som gjeld for fugl og vitnar derfor om at NVE like lite i denne samanheng som ved sakshandsaminga frå 2004 og fram til i dag har forstått problemstillingane når det gjeld rekkeviddene av reelle miljøverdiar og -konflikter i dei marine økosystema på Mørekyten. Når NVE fullstendig overser innspel og merknader frå Havforskningsinstituttet og tydelegvis ikkje har evna å sjå kva som ligg av heilskapselement i instituttet si formulering om eventuelle ringverknader som kan bli «formidable», blir også vilkåra og formulering rundt dette punktet teken ut av sin samanheng og dimensjon. Det sentrale er at betydninga for fuglefjellet på Runde og at det tradisjonelt er viktigaste området for kystsel på Norskekysten, er ei synleggjering av den betydninga biologisk produksjon og aktivitet i det aktuelle området har for biologisk rikdom og livsvilkår i kystfarvatna frå Stadt til Lofoten/Vesterålen.

Betydninga av Mørekyten og Mørebankane er nedfelt i vilkår for og krav til menneskleg aktivitet langs kysten og i nære havområde når det gjeld oljeleiting/oljeutvinning, skipsfart og beredskap mot forureining. Det burde vere sjølv sagt at dette også må gjelde for energiutvinning og energianlegg. Energilova § 2-1 tredje ledd seier at departementet kan setje krav om gjennomføring av ekstern kvalitetssikring. Det er eit høgst aktuelt tema for pkt. 3 i vilkåra for miljøovervakingsprogrammet, men endå meir sentralt skulle vere kvalitetssikring for å vurdere verdiar og konflikter som gjeld hovudføresetnaden for biologisk produktivitet langs kysten av Møre og Romsdal og nordover, inklusive alle ringverknader og samanhengar. Dette er etter NOFs oppfatning den fundamentale svikten i sakshandsaminga for Havsul I. Verdiar og konflikter i høve til fugl (og sjøpattedyr) er viktige som einskildtema og i internasjonal målestokk, men dette er berre ein synleg og målbar del av heilskapen i dei marine økosystema og den biologiske produktiviteten som merkar seg ut i global målestokk.

NVE:

«Skjønnsutøvelsen

Alle klagerne ønsker at vedtaket omgjøres og at søknaden om utsatt frist for idriftsettelse avslås slik at prosjektet ikke kan realiseres. Klagene på skjønnsutøvelsen er i hovedsak begrunnet med negative virkninger for fisk og marine økosystemer, fugl, landskap og turisme. Motvind Norge viser i tillegg til kravene til skjønnsutøvelsen som følger av naturmangfoldloven § 9 om føre-var-prinsippet og mener det ikke er foretatt en samlet vurdering etter naturmangfoldloven § 10.»

NOF merknad: Samanhengen mellom klager/klagegrunnlag og konsesjonsvedtaket er enkelt nok at frist for idriftsetjing er eitt av vilkåra for konsesjon. Når fristen ikkje kan oppfyllest, kan ikkje konsesjonen vere gyldig lenger. I dette tilfellet har konsesjonæren også tidlegare søkt om og fått utsett frist. Logisk og rimeleg vurdert har konsesjonæren hatt god tid til å gjere seg nytte av konsesjonen. Når dette også har medført forelda og/eller gitt ny kunnskap, er det etter vanleg praksis for offentleg sakshandsaming og i samsvar med forvaltingslova, at vedtaket må kunne oppdaterast eller revurderast. Eit viktig moment i klagen er at NVE i denne (og andre vindkraftsaker) praktiserer «fritt skjønn» der konklusjonen står fram som ei konstaterande sumvurdering utan grunngeving eller vektning. Denne praksisen vart nyleg forsøkt legalisert ved utsegner frå avdelingsdirektør for konsesjonsavdelinga i media då søkelyset vart sett på faktabruk og vurdering ei anna sak. Det vart sagt frå NVE at det ofte blir så mange ulike personlege vurderingar i konsekvensutgreiingane i desse sakene at det er uråd for NVE å ta stilling til dei, og at forvaltingsstyresmakta derfor må bruke sitt eige skjønn. I denne samanheng er det naudsynt å minne om energilova § 2-1 tredje ledd, krav om ekstern kvalitetskontroll.

NVE:

«Saksbehandlingen

De fleste klagerne mener at saken ikke har vært godt nok opplyst før NVE traff vedtaket 27.3.2020. Klagerne mener at kunnskapsgrunnlaget fra konsesjonssaken ikke er oppdatert og at NVE dermed ikke har et godt nok grunnlag til å treffe vedtak om utsatt frist for idriftsettelse. Motvind Norge viser i tillegg til naturmangfoldloven § 8 om krav til kunnskapsgrunnlaget.»

NOF merknad: Det viktigaste og mest alvorlege er at NVE i sine vurderingar i sakshandsaminga dels har neglisjert, dels bagatellisert faktakunnskap i konsekvensutgreiing og innspel i høyringsprosess og klagerundar både tidlegare og i denne siste sakshandsamingsrunden, jamfør og merknader til lovbruk.

NVE:

«Lovanvendelsen

Motvind Norge og Motvind Nordvest mener bygging av Havsul I vil utgjøre et brudd på Bernkonvensjonen og Bonnkonvensjonen.»

NOF merknad: Merknader til bruk av lovverket i klagen går på langt meir enn tilhøva til Norges ansvar i medhald av internasjonale konvensjonar og avtalar. Det gjeld krav etter forvaltingslova, intensjonar som klart kan lesast ut av energilova (også § 2-1) når det gjeld eventuelt krav om ekstern kvalitetssikring, det gjeld bruk og tolking av ei rekkje paragrafar i naturmangfoldlova (§§ 8, 9, 10 og 49), og det gjeld plan- og bygningslova sitt grunnlag om krav til konsekvensutgreiing etter § 14-2, jamfør og same lov sine §§ 14-1, 14-3 første ledd (ser ut til at NVE har lagt hovudvekt på 14-3 andre ledd og lite anna). § 14-4 bør og vurderast, særleg ut frå Havforskningsinstituttet sine tidlegare innspel om moglege «formidable» ringverknader for NVG-sild av eit vindkraftverk plassert i sentral del av gyte- og reproduksjonsområda for arten.

NVE:

«Begjæring om å trekke konsesjon tilbake

Motvind Nordvest skriver i klagen at «det [er] vår klare oppfatning at vedtak om konsesjon kan trekkes tilbake». Motvind Norge skriver at «det anføres at tidligere vedtak om konsesjon

er ugyldig, da det bygger på et mangelfullt grunnlag, og at søknaden ville blitt avslått dersom de påkrevde hensyn var tatt med i vurderingen.»

NOF merknad: OED har tidlegare i år gjennom klagehandsaming (Andmyran vindkraftverk) vist at det er lovheimel til å trekke tilbake gitt konsesjon og i ein situasjon som er parallell med situasjonen for Havsul I. Olje- og energiministeren har vidare i brev til handsaming av representantforslag 143S i Stortinget 20.juni 2020 presisert i kva situasjonar det kan vere grunnlag for å trekke tilbake gitt konsesjon. Med tilvising til forvaltingslova § 34 der klagestyresmakta kan ta opp alle sider av ei sak, også spørsmål som ikkje har vore tema i vedtaket det er klagt på, er det heimel for OED for å ta opp også spørsmål om å trekke tilbake konsesjonen til Havsul I.

NVE:

«Forholdet til havenergilova

Havsul 1 er meddelt konsesjon i medhold av energiloven. Energilovens virkeområde strekker seg ut til grunnlinjen, jf. energiloven § 1-1 annet ledd. En mindre del av planområdet til Havsul 1 strekker seg imidlertid også utenfor grunnlinjen.»

NOF merknad: Etter energilova § 1-1 andre ledd, gjeld ikkje energilova i norsk sjøterrotorium, altså utafor grunnlinja. Etter kartvedlegget til konsesjonen for Havsul I er grovt rekna nær 1/3 av planområdet utafor grunnlinja, med 12 av 80 turbinpunkt. Det bør derfor avklarast formell status for lovheimel og vedtak for konsesjonsvedtaket for det som fell utafor grunnlinja. Når konsesjonssaka for Havsul I er handsama etter energilova, må det vere like klart at vindkraftverket formelt må oppfattast som vindkraftverk på land. og på den måten at det fell inn under Stortingsvedtaket frå 19.06 2020 for representantsforslag 143S. Det kan derfor ikkje gjevast frist for å setje i gang ut over 31.12.2021.

NVE:

«Behandlingen av tiltaket etter energiloven

Siden konsesjonæren har søkt om en endring av et av vilkårene i konsesjonen, er energiloven § 10-4 hjemmel for vedtaket. I vedtaket vårt fra 27.03.2020 ble det vist til energiloven § 3-1 i stedet for § 10-4.

Det er bestemt i energiloven § 10-4:

«§ 10-4.(Omgjøring) I særlige tilfelle kan de fastsatte vilkår endres av hensyn til allmenne interesser. Det skal tas hensyn til kostnadene en endring vil påføre konsesjonæren og de fordeler og ulemper endringen for øvrig vil medføre.

Endringer i vilkårene kan også foretas etter søknad fra konsesjonæren.

Bestemmelsene i § 2-1 får anvendelse så langt de passer.»

NOF merknad: Klagene på NVE sitt vedtak av 27.03 2020 gjeld nettopp omsynet til allmenne interesser.

NVE:

«3.4. Stortingets vedtak fra 19.6.2020

Vi viser til stortingsvedtaket fra 19.6.2020 og OEDs brev til NVE fra 29.6.2020 som en oppfølging av vedtaket. Det fremgår av stortingsvedtaket at:

«Stortinget ber regjeringen innenfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon.»

Stortinget anmodet også regjeringen å gjennomføre en kontroll med vindkraftkonsesjoner: «Stortinget ber regjeringen vurdere hvorvidt behandlingen av gitte vindkraftkonsesjoner har fulgt energilovgivningen og forvaltningslovens krav. Dersom det skulle foreligge feil eller mangler i konsesjonen som er i strid med lovgivningens krav skal forvaltningen stanse vedtaket.»

NVE legger til grunn at anmodningen knytter seg til vindkraftverk på land og at Havsul 1 derfor ikke omfattes av vedtaket.»

NOF merknad: NVE presenterer dei to stortingsvedtaka i samband med representantsforslag 143S i omvendt rekkefølge og framstiller vedtak 799 som det førande, medan vedtak 798 kom først og må oppfattast som det overordna. Vedtak 799 gjeld idriftsetjing av *gyldige* vindkraftkonsesjonar (jfr. Vedtak 798). NVE si tolking kan ikkje vere i samsvar med realitetane i vedtaka sett i samanheng.

NVE:

«I kommentar til innkomne klager skriver tiltakshaver at overvåkningsprogrammene for blant annet sjøfugl/trekkfugl ble startet i 2010/2011, og det ble gjennomført en toårig baselineundersøkelse. De skriver at poenget med slike standardiserte overvåkningsprogram er å gjennomføre tilsvarende undersøkelser før, under og etter utbygging, for å se på endringer som følge av bygging og drift av vindkraftverket. Overvåkningsprogrammene ble avsluttet etter den innledende baselinestudien fordi det ikke ble tatt en investeringsbeslutning for vindkraftverket. Videre skriver de at nye undersøkelser planlegges startet opp i nær fremtid, og disse vil da strekke seg over åtte år (to år før utbygging, to år under utbygging og fire år etter utbygging). Tiltakshaver mener derfor at de har fulgt alle konsesjonsvilkår på dette punktet. Når det gjelder kunnskap om virkninger for fugl som er kommet til etter utredningene fra 2008 skriver tiltakshaver at det er gjennomført en rekke internasjonale undersøkelser knyttet til bl.a. kollisjonsrisiko og unnvikelseeffekter for sjøfugl ifm. bygging av offshore vindkraftverk, deriblant Horns Rev (Danmark), Egmond an Zee (Nederland), Thanet (UK), m.fl. Disse undersøkelsene har ifølge tiltakshaver vist at sjøfugl i svært stor grad unnviker vindkraftverkene (Macro avoidance) eller sveipsonen (micro avoidance), og man opererer i dag med unnvikelsesrater på 99,0-99,5% for mange arter. Studiene har etter tiltakshavers vurdering stor overføringsverdi til Norskekysten, siden det er snakk om mange av de samme artene.»

NOF merknad: NVE legg her til grunn konsesjonæren si vurdering av overvaking og kunnskap. Dei nemnde baselinestudiane vart gjennomførte frå april 2011 til april 2013. Rapporten om gjennomføring og resultat (Multiconsult) dokumenterer omfattande metodesvikt og svikt i gjennomføring feltarbeid. Med referanse til energilova § 2-1 tredje ledd burde dette ha vore underlagt ekstern kvalitetskontroll før NVE la det til grunn for sine vurderingar. Det same gjeld referanse til såkalla «.. en rekke internasjonale undersøkelser ..» og konklusjonane om «.. stor overføringsverdi til Norskekysten». NVE sluttar seg dermed til tiltakshavar si vurdering av at forskningsprosjekt og konsekvensutgreiing av havvindprosjekta som er etablerte i Europa til no ikkje har dokumentert vesentlege verknader for marine økosystem og trekkande fugl.

Dei refererte undersøkingane kan definitivt ikkje oppfattast som representative for situasjonen på Mørkekysten. Til det er landskapsformer, straumsystem og vertilhøve altfor ulike, sjølv om ein del av fugleartane på årstidstrekk er dei same. Avgjerande er og at det i dei refererte

undersøkingane ikkje er fuglefjell og hekkande, pelagiske sjøfuglartar med daglege næringsstrekke gjennom hekkesesongen. Dessutan er dei refererte studiane allereie utdaterte og lite i samsvar med rapportar om betydeleg nedgang i bestandane av hekkande sjøfugl i nærområda av såkalla «*offshore windpower plants*» i Irskesjøen siste åra.

Ulike studiar av vindkrafteffekter viser til dels betydelege effekter på sjøfuglar med arts-spesifikke og stadspesifikke variasjonar. Generelt ser havsule, havørn og lommar ut til å bli mykje påverka ved å vike unna og dermed tape fiskeplassar, medan enkelte artar kan bli tiltrekte av vindkraftverk (måsar, skarv), noko som truleg inneber auka kollisjonsrisiko.¹ Fellesnemnaren her er at undersøkingane viser at vindkraft ikkje må leggest til særleg marint produktive område, der dei påverkar eit stort tal sjøfuglar på ulike måtar.

I magasinet *Marine Biology* (2020, vol. 167²) vert det skildra korleis vindturbinar verkar på habitatbruk for lomvi. Studien omtalar eit aukande tal slike turbinar til havs dei siste ti åra, og brukar tre slike anlegg ca. 30–35 km utanfor øya Helgoland som basis for analysen. Lomviar frå nærliggande koloniar blei følgde via bruk av GPS. Resultatet viser ein reduksjon på 63 % i bruken av vindturbinområder for fødesøk samanlikna med nærliggande område. Studien viser også at når rotorblada er i drift, vert bruken redusert tilsvarande med 75 %. Heller ikkje når fuglane flyg mellom fødesøks-områda og hekkeplassane flyg dei gjennom slike turbinområde.

Dette skal vere den første studien som viser ein slik sterk effekt for lomvi av vindturbinar til havs, og viser følgjeleg at verknadane av slike turbinar for fødesøk og hekkesuksess er negative for ein sjøfugl som lomvi. Plassering av vindturbinar i grunne havområde som vert nytta som næringsøks-område for nærliggande sjøfuglkoloniar kan derfor føre til at koloniar av fleire artar sjøfugl vert trua også av denne grunn.

NVE:

«*Marint økosystem og fiskeriinteresser*

NF viser til at NVEs vilkår: «Konsesjonær skal gjennomføre en undersøkelse av hvordan støyvirkninger i anleggs- og driftsfasen påvirker vandrings- og gyteforholdene for viktige marine arter, herunder NGV-sild. Det skal kortfattet redegjøres for mulige virkninger av lavfrekvent lyd og infralyd (Overvåkningsprogram for marin fauna), er utilstrekkelig. De mener at denne saken er så viktig at det må gjennomføres faglig god og uhildet forskning på hvordan støy/bredspektret lyd fra et anlegg med bunnfaste vindturbiner spres i vannsøylen, og hvordan dette påvirker NVG-sild, kysttorsk og andre aktuelle bestander med hensyn til vandringer, atferd, gyting, rekruttering m.m. Etter deres syn må slik forskning gjennomføres i regi av Havforskningsinstituttet, som i tildelingsbrevet for 2020 nettopp har blitt pålagt å starte opp undersøkelser av hvordan støy og vibrasjoner fra vindkraftanlegg til havs påvirker sild og andre bestander.

I sin kommentar til innkomne klager skriver tiltakshaver at det ikke har vært stilt krav om at det skal gjennomføres undersøkelser av det omfang fiskeriinteressene beskriver før detaljplanen utarbeides. Når det gjelder virkninger for marint sjøliv viser de til at en av Norges fremste eksperter på havvind, Thomas Dahlgren (NORCE), bl.a. sier følgende: “Impact on pelagic species during the production phase is limited (Axenrot & Didrikas 2012). Available field studies of noise in the water from offshore wind turbine foundations suggest that levels are low and often masked by noise from natural sources such as waves

¹ Se vedlegg, oversikt til slutt i dette brevet.

² <https://tethys.pnnl.gov/sites/default/files/publications/Peschko-et-al-2020-Telemetry.pdf>

and tidal induced noise (Yang et al. 2018) or noise from ship traffic (Sigray & Andersson 2011).”»

På bakgrunn av foreliggende forskning mener tiltakshaver at det er lite som tilsier vesentlige virkninger for fiskebestandene i plan- og influensområdet, og kan ikke se at det foreligger nye opplysninger eller ny kunnskap som skulle tilsa at konklusjonene i utredningen fra 2005 er vesentlig endret i negativ retning. Likevel foreslår tiltakshaver at det gjennomføres et omfattende overvåkningsprogram som har til hensikt å bekrefte eller avkrefte hypotesen om at NVG- sild og andre fiskeslag ikke berøres i vesentlig grad av støy eller andre ulemper i driftsfasen. Dette vil også være viktig informasjon for fremtidig konsesjonsbehandling av havvindprosjekter i Nordsjøen».

NOF merknad: Med omsynet til allmenne interesser og betydninga av marinøkologiske system på Mørekysten som grunnlag for haustbare, marinbiologiske ressursar må dette oppfattast som fundamental svikt i kravet til konsekvensutgreiingar og vektning av verdier i ein heilskapleg miljø- og samfunnssamanheng. Her er det ikkje tiltakshavar sine vurderingar og eventuelle undersøkingar som skal leggest til grunn. Dette gjeld forvaltingsansvar med eit heilt anna perspektiv enn det som energistyresmaktene kan ta ansvaret for åleine.

NVE:

*«Regional tilslutning og regional begrunnelse for tiltaket
Ålesund kommune ved kommunestyrete støtter utvidet frist for idriftsettelse».*

NOF merknad: Formelt sett har kanskje NVE grunnlag for formuleringane, sjølv om det er referer til eit kommunestyrevedtak med ei stemmes overvekt. Reelt må vedtaket vurderast ut frå at det er anka med bakgrunn i sakhandsamingsfeil. Berre tiltakshavar og konsulent for konsekvensutgreiing fekk høve til å legge saka fram for kommunestyret, medan fiskeriinteresser og miljøverninteresser vart avviste. Vurderinga må derfor i beste fall avvente til anke er handsama.

NVE:

*«Reiseliv
I sine merknader til innkomne klager skriver tiltakshaver at det ble gjennomført en spørreundersøkelse ifm. Havsul-prosjektene, der over 600 turister ble intervjuet om deres holdninger til kystnære vindkraftverk og potensielle adferdsendringer ved utbygging av slike anlegg. Basert på undersøkelsene, og det faktum at tidl. Sandøy kommune (nå en del av Ålesund kommune) er en svært liten reiselivskommune i regional sammenheng, ble det konkludert med at virkningene av utbyggingen vil være små for reiselivet i Møre og Romsdal. Videre opplyser de at vindkraftverket ca. 5 til 10 km ut fra land, og kun påvirke friluftsområdene på Harøya visuelt. Dette er friluftsområder som allerede er påvirket av de fem vindturbinene som Sandøy Energi satte i drift i 1999. Båtliv og fiske kan fortsette i området som i dag, med unntak av et fåtall dager med risiko for iskast (dette er perioder midtvinters med liten ferdsel i området). Ser man på erfaringene fra Smøla og andre kommuner med vindkraftverk i drift, så er det lite som tilsier negative konsekvenser for reiselivet av enkeltstående anlegg.»*

NOF merknad: Naturbasert reiseliv har lange tradisjonar i dette distriktet, som det har i Norge generelt. Dei seinare åra har kystnaturopplevingar vore satsingsområde for reiselivet på Mørkekysten, inklusive dyre- og fugleliv på ytterkysten og friluftslivsformer og opplevingar på grensa mot ope hav. For tida er det i Møre og Romsdal satsing gjennom interkommunalt samarbeid på meir målmedviten bruk av og tilrettelegging for desse formene for reiselivsprodukt som lett tilgjengelege for store grupper av brukarar. Det er derfor underleg og lite i samsvar med det som går føre seg i tida, når NVE framstiller reiseliv og naturopplevingar i kystlandskapet på Mørkekysten som relativt ubetydeleg i ein samfunnsmessig samanheng.

NVE:

«NVEs vurdering av skjønnsutøvelsen

NVE kan ikke se at klagene gir grunnlag for å omgjøre søknaden om utsatt idriftsettelse til et avslag. NVE mener det er grunn til å utsette fristen for idriftsettelse slik at konsesjonæren gis en mulighet til å realiseres prosjektet under gjeldende konsesjon.

I vurderingen har NVE lagt vekt på at det ikke foreligger endringer eller ny kunnskap siden konsesjonen ble gitt som tilsier at søknaden må avslås. NVE mener imidlertid tiden fra konsesjonen ble gitt begrunner særskilte vilkår av hensyn til et oppdatert kunnskapsgrunnlag i detaljplanfasen og dette er derfor fastsatt i vårt vedtak 27.3.2020.

NVE mener retningslinjene i naturmangfoldloven § 9 og § 10 må legges til grunn der beslutningen har betydning for naturmangfoldet. Dette gjelder blant annet når energimyndighetene tar stilling til om arealene skal benyttes og hvordan de skal benyttes. NVE mener vårt vedtak om utsatt idriftsettelse og forlengelse av varigheten på konsesjonen ikke innebærer en ny eller endret arealbruk.»

NOF merknad: Jamfør merknader framanfor. Spørsmålet om utsett frist for idriftsettjing kan ikkje vurderast isolert frå ei kritisk heilskapsvurdering av konsekvensutgreiing og sakshandsaming som i si tid førte til vedtak om konsesjon for Havsul I.

NVE:

«NVEs vurdering av lovanvendelsen

NVE kan ikke se at en utsatt frist for idriftsettelse er i strid med Bernkonvensjonen eller Bonnkonvensjonen. Vi viser til at hensynet til trekkoridorer for sjø- og fastlandsfugl og områder for næringsssøkende fugl fra Runde er vurdert og ivaretatt gjennom vilkår i vedtaket fra 27.3.2020. Dette vil også være viktige hensyn i detaljplanfasen.

NVE mener vedtaket ikke er i strid med plikten til at «verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelse av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår» jf. naturmangfoldloven § 49. NVE har i vedtaket fra 27.3.2020 vurdert og fastsatt vilkår av hensyn til verneverdiene i omkringliggende verneområder. Dette er også et tema som vil bli vurdert og fulgt opp nærmere i en detaljplanfase.

NVE kan ikke se at vedtaket er i strid med Grunnloven § 112 eller naturmangfoldloven.»

NOF merknad: Jamfør merknader også framanfor. Omsynet til trekk-korridorar for sjø- og fastlandsfugl kan ikkje vere tekne i vare gjennom vilkår frå 27.03 2020 så lenge dette har som føresetnad at vindkraftverket skal byggast. Overvaking og kunnskap i seg sjølv kan ikkje oppfattast som miljøomsyn når inngrep og konstruksjonar er på plass og er hovudelement for framtidige, negative effekter på miljøet. Dette kan ikkje oppfattast som oppfylling av plikta til at «verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelse av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av

vilkår» er oppfylt. Det er her hovudproblema ved konsesjonsvedtaket frå 2008 og 2009 ligg og som er grunnlaget for påstandane om alvorlege sakshandsamingsfeil frå energistyresmaktene si side.

For Norsk Ornitologisk Forening

Kjetil Aa. Solbakken

Kjetil Aa. Solbakken, generalsekretær

Vedlegg (relevante studiar):

- Assessing vulnerability of marine bird populations to offshore wind farms
<https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/23454414/> (kun link)
- Displacement of seabirds by an offshore wind farm in the North Sea
- Strategies for an Environmental Sound Development of Offshore Wind Energy
- Possible impacts of offshore wind farms on seabirds: a pilot study in Northern Gannets in the southern North Sea
- Mapping Seabird Sensitivity to Offshore Wind Farms
- Seabirds and offshore wind farms in European waters: Avoidance and attraction
- Towards a cumulative collision risk assessment of local and migrating birds in North Sea offshore wind farms
- Seabird avoidance and attraction at an offshore wind farm in the Belgian part of the North Sea

KOPI:

Klima- og miljødepartementet (KLD)
Norges vassdrag- og energidirektorat
Miljødirektoratet
Fiskeridepartementet
Fiskeridirektoratet
Kystverket